

Reguleringsplan for Massetak Eide - Skjolden

Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS)

Plan-ID 2020002.

Metode

Analysen er bygd på veileder *Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging* frå DSB 2020.

Analysen gjeld nye tiltak innanfor planområdet og tiltak for å hindre at nye tiltak skal skapa uønska hendingar utanfor planområdet.

Arbeidet tek utgangspunkt i tilgjengeleg informasjon om miljøstatus i Noreg.

Planområdet

- Området er på ca. 104 daa og er meir eller mindre dekkja av lauvskog. Det ligg mellom ca. 50 og ca. 130 m.o.h. og har vore nytta hovudsakleg til beite. Området har tilkomst via gardsvegen til Eide gnr. 17 bnr. 1 i Luster.
- Mot sør -aust vest grensar området mot fjellet Eidshovden.
- Heile området skrånar mot nord vest ned mot gardshusa.
- Frå Eidshovden kjem det ned ei lita grov (bekk) i uttaksområdet. Dette er vatn som kring slutten av 1800-talet vart leia frå Lingaelva for bruk til vatning av innmarka. Bekken er bortimot turr midtsommars og vassmengda elles varierar med nedbør og snøsmelting. Det er planlagd å nytta vatnet til vatning i framtida også. Overløpet går til sjøen på sør-austsida av busetnaden i Eidsbakkane.
- Trafikkløysingar: Tilkomsten til deponiet skal gå frå FV 55 via gardsvegen til Eide Gard.

Vurdering av sannsyn for uønskte hendingar er delt i:

- Svært sannsynleg (4) - kan skje regelmessig; forholdet er kontinuerlig til stades.
- Sannsynleg (3) - kan skje av og til; periodisk hending (årleg).
- Mindre sannsynleg (2) - kan skje (ikkje usannsynleg; om lag kvart 10. år).
- Lite sannsynleg (1) - det er ein teoretisk sjanse for hendinga; skjer sjeldnare enn kvart 100. år.

Kriteriene for å vurdere konsekvensar av uønskte hendingar går fram av tabellen nedanfor:

	Personskade	Miljøskade	Skade på eigedom, forsyning
1. Ubetydeleg	Ingen alvorleg skade	Ingen alvorleg skade	Systembrot er uvesentleg
2. Mindre alvorleg	Få/små skader	Ikkje varig skade	Systembrot kan føra til skade
3. Alvorleg	Behandlingskrevjande skader	Mellombels/behandlingskrevjande skade	Systemet vert sett ut av drift over lengre tid, alvorleg skade

4. Svært alvorleg	Personskade medfører død/ varig mein, mange skadd	Langvarig miljøskade	System varig ut av drift. Uoppretteleg skade på eigedom
-------------------	--	----------------------	---

Karakteristikk av risiko som funksjon av sannsyn og konsekvens er gjeve i tabellen nedanfor:

Matrise for risikovurdering:

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Mindre sannsynleg				
1. Lite sannsynleg				

- Hendingar i raude felt: Tiltak nødvendig
- Hendingar i gule felt: Tiltak vert vurdert ut frå kostnad i høve til nytte.
- Hendingar i grøne felt: Rimelige tiltak er gjennomført.
- Tiltak som reduserer sannsyn vert vurdert først. Viss dette ikkje gir effekt eller er mulig, vurderast tiltak som avgrensar konsekvensane.

OPPSUMMERING AV UYNSKTE HENDINGAR/TILHØVE

Hendingar som er aktuelle, er samanfatta under med risikovurdering og kommentarar.

Nummereringa er i samsvar med veileder *Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging* frå DSB 2020.

Hendingsnummer/situasjon	Sannsyn	Konsekvens	Risiko	Kommentar/tiltak
1. Steinsprang/steinskred	3	3		<i>Skredsonkart/NVE Aktsemdområde</i>
2. Snø-/isras	1	3		<i>Skredsonkart/NVE Aktsemdområde</i>
3. Flaumras	1	3		<i>Skredsonkart/NVE Aktsemdområde</i>
4. Flaum i vassdrag	1	2		<i>Skredsonkart/NVE Aktsemdområde</i>
Menneskapede tilhøve				
Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:				
Trafikktryggleik. Er det risiko for:				

Massetak Eide – ROS-analyse side 3


44. Ulukker i av-/påkøyrslar	2	3		<i>Avkøyrslar frå FV 55</i>
45. Ulukker med gåande/syklande	2	3		<i>Manglande tiltak for mjuke trafikantar</i>
46. Andre ulukkespunkt	2	3		<i>Gardsvegen til Eide Gard</i>
Elektrisitet	1	3		<i>Tilkomsvegen vert kryssa av el. kabel</i>
Andre tilhøve				
55. Støv/støy	2	1		<i>Avgrensa drift av knuseverk. Det vert bygd støyvollar</i>
Fare for kjemikalieutslepp	1	1		<i>Skal vera beredskap for å takla mulige utslepp frå maskiner</i>

NATUR- OG MILJØTILHØVE

Steinsprang/steinskred,snø-/isras, flaumras, flaum i vassdrag.

Det er gjort skredkartlegging av NGI, og det er utarbeidd faresonekart ,sjå kartutsnitt nedanfor. Det aktuelle området er markert.

Eksport fra NVE temakart



Skred – hending 1

Området er ikkje detaljert kartlagd. Heile området ligg innanfor aktsemdområdet for steinskred. Det går med ujamne mellomrom steinsprang i området. Det skjer vanlegvis i periodar med nattefrost haust og vår. Det er ikkje registrert ras i dette området i NVE sitt skredatlas. Registrerte hendingar i nærleiken er langs FV 55 og er sannsynlegvis nedfall av stein eller is i vegskjering ved Galdaneset. Det må takast omsyn til dette i driftsplanen slik at ein unngår periodar med rasfare. Det skal ikkje oppførast bygningar i området.

Snøskred – hending 2

I område brattare enn 50° rasar snøen ned etter kvart, slik at ein ikkje får større skred. Det attanfor liggjande fjellet er brattare enn dette. Det er heller ikkje registrert snøskred i området. Lokalkjende folk kjenner ikkje til at det har gått snøskred i eller nær planområdet.

Flaumras og flaum – hending 3 og 4

Aktsemdkart viser at området ligg utanfor aktsemdsoner for jord- og flaumskred.

Havnivå og marin grense.

Mesteparten av området ligg innanfor marin grense som i dette området ligg på om lag 120 moh. Lausmassekartet frå NGU syner at lausmassane i området er breelvvasssett og ikkje er i fareområdet for kvikkleire.

Brann.

Hovudbrannstasjonen i kommunen ligg i Gaupne, om lag 30 km borte. Sløkkevatn må hentast i Eidsvatnet. Det skal ikkje først opp bygningar i planområdet

Klimaendring.

Informasjonen er henta frå Norsk klimaservicesenter sin klimaprofil frå Sogn og Fjordane. Det er venta auke nedbørsintensitet og temperaturstigning. Det vil føra til auka avrenning frå terrenget. Snøgrensa vil verta høgare på grunn av varmare og våtare klima. Det kan auka faren for våtsnøskred i skredutsette område. Grova frå Eidshovden er relativt lita og har eit relativt romsleg løp mot utløpet sjøen. Auka avrenning vil såleis ikkje ha konsekvensar i planområdet.

UREINING/MILJØ/STORULUKKER

Avrenning frå massetak.

Mykje nedbør kan medføra at overvatn samlar opp støv/sediment frå topplaga i massetaket. Driftsopplegget med etablering av barrierar mot avrenning til nedanforliggjande terreng vil hindra ureining til i nærområdet. Dette vil avgrensa omfanget av hendinga og verknadene vil i hovudsak vera lokale. Det er lita usikkerheit kring risiko og mulege konsekvensar.

Støy.

Knusaren vil vera i bruk i avgrensa periodar, anslagsvis ein 1-2 dagar i månaden. For å avgrensa støyen frå knusinga vil det verta bygd støyvollar mot omliggjande busetnad.

TRANSPORT.

Trafikkulukker, påkøyning av mjuke trafikantar frå anleggskøyretøy.

Gardsvegen er lite trafikkert av gåande og syklende og er oversiktleg. Det er helst turgåarar som ferdast i området. På grunn av relativt låg vegstandard vil farten på større køyretøy vera låg. Sannsynet for alvorlege hendingar vert vurdert til å vera lågt (1-10 %).

Trafikkulukker, møteulukker, kollisjon mellom køyretøy.

Det er ikkje møteplassar på tilkomstvegen. Møtande køyretøy må såleis venta på kvarandre. Sannsynet for slike ulukker er difor bortimot fråverande. Avkøyninga frå FV 55 er den største potensielle risikofaktoren.

Sannsynet for alvorlege hendingar vert vurdert til å vera lågt (1-10 %).